

Saksbehandlar: Frode Hovland, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7140-2

Høyringsbrev om endring av forskrift av 22. desember 2004 om akvakultur for andre artar enn laks, aure og regnbogeaure - akvakultur av vannlevande planter/mikroalger

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør forslaget om at generelle reglar for akvakultur i dagens akvakulturregelverk, jf. forskrift av 22. desember 2004 nr. 1799 om løyve til akvakultur av andre arter enn laks, aure og regnbogeaure, også vert gjeldande for akvakultur med vasslevande plantar.
2. Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om at kompetansen til å handsame søknader om akvakulturløyve med vasslevande plantar vert delegert til fylkeskommunane. Dette inneber at fylkeskommunane vert koordinerande styresmakt, som for andre akvakultursøknader.
3. Fylkeskommunen er samd i forslaget om at det vert etablert ei ordning med depositum for etablering av akvakulturverksemd med vasslevande plantar på lik linje som den som er fastsett for blåskjelanlegg. Det er viktig at ein her finn ein balanse mellom kostnad for opprydding og det å påføre bedrifter i oppstartsfasen for stor finansiell belastning, og at beløpet ikkje vert høgare enn det som i dag er gjeldane for blåskjelnæringa.

Vedlegg: 0

Andre relevante dokument i saka:

- 1 Høyringsbrev om endring av forskrift av 22. desember 2004 om akvakultur for andre arter enn laks, ørret og regnbueørret – akvakultur med vannlevande planter

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Nærings- og fiskeridepartementet har fram til no handsama søknader om løyve til akvakultur av vasslevande planter, der fylkeskommunen si oppgåve i etterkant har vore i å skrive ut dei endelege løyvedokumenta.

Vasslevande planter er definert som makroalgar med fotosyntese og omfattar brunalgar, deriblant tang og tare, raudalgar og grønalgar.

Det er no sendt på høyring eit forslag om at forskrift om akvakultur for andre artar enn laks, aure og regnbogeaure skal gjerast gjeldande for vasslevande planter. Det vert med denne

forskriftsendringa føreslege at handsaming av desse søknadane i heilskap vert overført til fylkeskommunane som då vert koordinerande styresmakt også for desse akvakultursøknadane.

Det vert vidare føreslege å etablere ei depositumordning for akvakultur med makroalgar, lik depositumordninga for akvakultur av blåskjel. Dette inneber at selskapet som søker om løyve til dyrking også må stille økonomisk trykkleik for opprydding ved konkurs. Ordninga vil berre gjelde for nye anlegg og ikkje dei som allereie har fått løyve.

Nærings- og Fiskeridepartementet ber om innspel til denne høyringa innan 1. desember 2017.

2. Vurderingar og konsekvensar

Dei siste 3-4 åra har interessa for akvakultur med makroalgar vore stor. Pr. 10.02.2017 har Nærings- og fiskeridepartementet motteke 56 søknader om akvakultur av makroalger frå Vest-Agder til Troms. 39 søknader (tilknytt 42 lokaliteter) er ferdig handsama medan 17 framleis er til handsaming. Sogn og Fjordane var det første fylket i landet som fekk tildelt konsesjonar til makroalgar og per 19.09.2017 er det tildelt 40 konsesjonar i fylket fordelt på 6 lokalitetar. Det er dermed blitt etablert ein praksis for handsaming av denne type søknader. Nærings- og fiskeridepartementet vurderer det slik at det ikkje lenger er naudsynt at departementet er direkte involvert i søknadsprosessen. Etter Nærings- og fiskeridepartementet sitt syn, vil den enklaste måten å delegere denne oppgåva til fylkeskommunane på, vere å inkludere akvakultur med makroalgar i forskrift av 22. desember 2004 nr. 1799 om løyve til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret.

Departementet trekkjer også fram at forslaget om delegering av mynde er eit bidrag til regionreforma. Ein syner til lovnaden om overføring av nye oppgåver dersom ein går frå 19 til om lag 10 fylke.

Fylkeskommunen stiller seg positiv til at forskrifta vert endra til også å gjelde makroalgar, og at vi får handsaming av konsesjonssøknadane.

Driftsforma for dyrking av makroalgar er i dag ganske lik dyrking av blåskjel der dei heng på bøyestrekk i sjøen. Algane, som blåskjel, skal ikkje tilførast før. Dei nyttiggjer seg oppløyste næringsstoff som finst naturleg i sjøvatn. Det er etter kvart blitt utvikla og patentert eige utstyr spesifikt for dyrking av makroalgar. Det er i hovudsak tre ulike intensjonar bak dyrkingsanlegg for makroalgar: dei som dyrkar for konsum, dei som dyrkar for vidareforedling til energi eller proteinutvinning og dei som samlokaliserer makroalgar med fiskeoppdrett for å nytte overskot av næringsstoff på lokaliteten. Dei to siste kategoriane er mest arealkrevjande.

Nærings- og fiskeridepartementet føreslår å innføre ein ordning med depositum, forsikringsbevis eller annen likeverdig tryggleik for akvakultur av makroalgar. Dette er etter mal frå innføringa av ein slik ordning som vart etablert i 2007 for blåskjelanlegg. Ordninga skal sikre opprydding av anlegg og fortøyingar dersom det ikkje finst nokon eigar, til dømes etter konkurs.

Det er føreslege å sette krav om garanti på kr 3 000,- pr. dekar. I dag er kravet kr 2 500,- pr. dekar for blåskjel. I høyringsframlegget vert det føreslått å auke denne summen basert på utviklinga av kronkurs med utgangspunkt i konsumprisindeksen. Det største anlegget for algedyrking i fylket pr. no er på 345 dekar. Dette betyr at bedrifta måtte ha stilt ein garanti på kr 1 035 000 på søknadstidspunktet, dersom ein legg til grunn den forskriftsendringa som no er på høyring.

Vi ser dette som ei monaleg økonomisk belastning på ei bedrift som er i oppstartsfasen. Vi har likevel forståing for at det vert innført ei slik ordning. Etter erfaring frå blåskjelnæringa ser vi at det i visse høve kan vere naudsynt med ei ordning som sikrar at anlegg som ikkje lenger er i drift, vert fjerna frå sjøen.

Vert den økonomiske belastninga av ordninga for stor, kan dette vere med på å bremse utviklinga av tare næringa. Vi ber difor om at ein finn ein balanse mellom kostnad for opprydding og det å påføre bedrifter i oppstartsfasen auka finansiell belastning. Vi ber om at beløpet vert det same som for blåskjelnæringa, kr 2500 pr. dekar.

3. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune stør forslaget om at generelle reglar for akvakultur i dagens akvakulturregelverk også vert gjeldande for akvakultur med vasslevande planter.

Vi er vidare samde i forslaget om at kompetansen til å handsame søknader om akvakulturløyve med vasslevande planter vert delegert frå departementet til fylkeskommunane. Det inneber at fylkeskommunane vert koordinerande styresmakt, slik som for andre akvakultursøknader.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i forslaget om at det vert etablert ei depositumsordning for etablering av akvakulturverksemd med makroalgar på lik linje som den som er fastsett for blåskjelanlegg. Det er viktig at ein her søker å finne ein balanse mellom kostnad for opprydding og det å påføre bedrifter i oppstartsfasen for stor finansiell belastning, og at beløpet ikkje vert høgare enn det som i dag er gjeldane for blåskjelnæringa.